

Visitaforedrag, Bjerkreim

2. februar 2020

Opning

He me de kje gildt!

Denne veka har me vore på oppdagarferd i Bjerkreim. De er godt vertskap her i bygda og trivelege å vera i lag med. Sjølv om de var langt frå ukjende for oss frå før, har me lært mykje denne veka. Me har blitt imponerte over samarbeid, innsats og kreativitet, både i kyrkje og lokalsamfunn. Her skjer det mykje! Det er ingen grunn til at folketalet treng gå ned!

Kva har me gjort?

Å vera på visitas er å vera på oppdagarferd, i både landskap, verksemd og folk. Me har sjølv sagt vore på kyrjekontoret, men akkurat som kyrkjelyden har visitasen breia vengene sine vidt utover. Me har besøkt Uninor, gått rundt Berse og sett fotballtrening på KRIK. Me har møtt ordførar og rådmann, skuleleiinga og omsorgssenteret. På misjonshuset har me møtt leiarar i det frivillige kristne arbeidet og i soknerådet. Fire menn slapp inn saman med meg på internasjonal kvinnegruppe og vekeprogrammet blei avrunda med ein imponerande kulturkveld.

Det har vore mange høgdepunkt. Eit av dei var besøket i Storafjellet barnehage, der også Skjeraberget barnehage var med. Me blei møtt i døra av ein korleiar i staseleg drakt. Derifrå blei me ført inn i eit stort rom der ungane satt som lys. Dei song så fint og høgt at det sikkert kunne høyrast til Stavtjørn. Etter framsyninga fekk me omvising av dyktige små guidar som tok oss i hendene og med inn i leiken. Det var vanskeleg å gå ifrå.

Stas var det også å sjå arbeidsgleda på Uninor. Me blei vist rundt av stolte tilsette. Dei viste oss deler til oljeindustrien, vedlikehald for vindusfabrikk og eigenproduksjon av søppelkasse- og postkassestativ. Me let oss freista til å ta med oss nokre nyttige produkt og kjende me hadde vore på ein plass me fekk lyst til å koma tilbake til.

Me fekk også eit flott møte med frivillige leiarar på misjonshuset. Onsdag ettermiddag møtte me leiarar for Yngres, Korvetten, mannsgruppe, Soul Kids og Soul Children, jentelag og guttelag, misjonsforeningar, KRIK, ungdomskor og ungdomsklubb. Det er imponerande å høyra om både oppslutning og innsats og godt å merka samhaldet og den gode viljen. Så heldige dei er alle som for voksa opp her!

Me ser her i Bjerkreim at kyrkje og bygd høyrer saman. Her er det både sterke tradisjonar og positive innslag frå nye kulturar.

Kyrkje og kommune

Det var spennande å møte kommuneleiinga også. Takk for god mottaking hjå ordførar og rådmann, der me fekk høyra korleis kommunen aktivt legg til rette slik at Bjerkreim skal vera ein god plass å bu. Det er flott at det finst ein kommune der det ikkje er kø for å få plass på omsorgssenteret, full barnehagedekning, ein levande kulturskule og eit rikt organisasjonsliv. Det må meir enn ein flaum til for å få eit livskraftig lokalsamfunn til å renna vekk.

Kyrkje og kommune har mange år med godt samarbeid bak seg. Kyrkjer og kyrkjegardar er godt haldne ved like, kommunen prioriterer god kontakt med fellesrådet og er i gang med å trappa opp nødvendige stillingar til kyrkjeleg administrasjon. Me ser at drifta av soknet er effektiv og held høg kvalitet.

Kyrkje og kommune har også mange felles interesser. Kyrkja er ikkje bare oppteken av det himmelske. Den nasjonale visjonen vår er «meir himmel på jorda». Kyrkjelyden her vil vera «I Kristus, nær livet». Det handlar om å la tru bli handling, bygga fellesskap og vera der for kvarandre. Kanskje kan det dukka opp nye moglegheiter for samarbeid mellom kyrkje og kommune framover, ikkje minst innanfor diakoni og frivillig innsats.

Kyrkje-skule

Det er også godt samarbeid mellom kyrkje og skule. Rammene for kyrkje-skulesamarbeidet er ryddige og velfungerande. Alle skulane har skulegudstenester med svært godt oppmøte. Kyrkja gjev også eit tilbod ut over skulegudstenestene, med pedagogiske opplegg på fleire årstrinn. Då kommunen eit år hadde så stram økonomi at dei ikkje fann rom for skyss til dette, stilte det opp private sponsorar – og kommunen kom snart på banen igjen. Måten skulen gjev rom for både mangfald og tradisjon gjev elevane godt grunnlag for å orientera seg i verda.

Kyrkje og bedehus

Det er også flott å sjå samarbeidet mellom kyrkja og bedehuset. Vikeså misjonshus er vigsla til gudstenestebuk. Slik kyrkjene er plasserte er det flott at det også finst ein samlingsstad på Vikeså. Biskopen kjende seg heime på misjonshuset.

I soknerådet er det spennande tankar om korleis gudstenestetilbodet skal vera, ikkje minst til barnefamiliar. Samtalane har nettopp starta, men eg ser fram til å høyra kva planar som kjem ut av dette. Lytt til kvarandre, våg å prøva dykk fram og finn løysingar som samlar, så kan dette bli noko nytt og viktig.

I førehandsmeldinga til visitasen står det at det går godt å rekruttera frivillige her i bygdene. Tusen takk til alle som tek ansvar og stiller opp veke etter veke, gler seg over å vera saman med barn og tek arbeidet med å rydda til og frå, invitera og organisera. Livsglede finn me ikkje bare i å ha fri og gjera det me vil. Gleda finst minst like mykje i å gjera noko for andre. Denne bygda er full av sjansar til å finna fellesskap, læra og gje meining, både i kyrkje, idrettslag og kulturlivet elles.

Trusopplæring

Bjerkreim sokn kom tidleg med i kyrkja si trusopplæring. Soknet har ein god trusopplæringsplan og det er god oppslutning om tilboda. I snitt er om lag to av tre med på dei store breiddetiltaka. Det er gode tal. Ved sida av dei nye tiltaka finst også eit stabilt, variert og sterkt tilbod i regi av ulike lag og foreiningar.

Trusopplæringa har skapt noko nytt i kyrkja. Skarpe skilje eller høge murar mellom dei som tek del i tiltak på kyrkje og bedehus og dei som har andre miljø som sin base er det svært få som ønsker å ha. Trusopplæringa tek på alvor at kyrkja er for alle barn og unge. Alle døypte skal få kjennskap til trua, ressursar til livsmestring og utfordringar til engasjement for andre. Trusopplæringa oppfyller den draumen mange har hatt for dei døypte – at dei ikkje treng venta til konfirmasjonen før kyrkja igjen viser kor viktige dei er.

Derfor er det også viktig at sokneråd, foreldre og tilsette held fram med å prioritera trusopplæringa. Sjølv om me nå har halde i mange år med dette, er trusopplæring noko av det beste me kan setja av tid til. Her når kyrkja lengre enn både ho sjølv som organisasjon og dei kristne organisasjonane har gjort. Oppslutninga viser at mange fleire enn ei kanskje skulle tru gjerne sluttar opp om kyrkja viss dei bare får høve til det.

102 prosents oppslutning om konfirmasjon er ikkje noko vanleg resultat. Møtet med konfirmantane på torsdag viste at alt det gode arbeidet som skjer her ber frukt. Me blei overvelda av kloke spørsmål og fekk snakka om mange viktige tema. Me haldt på i ein time utan pause. Det var heilt stille i ei gruppe på førte ungdommar. De kan vera stolte av ungdommane dykkar! Det er flott det finst fleire stader der dei kan utforska både trusuniverset og livet elles. Trusopplæringa, det frivillige arbeidet og konfirmasjonsundervisninga gjev dei mange sjansar til det.

Diakoni

For tida har kyrkja også fokus på diakoni: Kyrkja si omsorgsteneste trua uttrykt i handling. Kyrkja i Bjerkreim har diakoniutval, besøksteneste og bønegrupper. Soknepresten har god kontakt med omsorgssenteret. Det finst møteplassar for barn, unge og vaksne i alle aldrar, i regi av frivillige, og sjølv om kyrkjelyden ikkje er sertifisert som grøn kyrkjelyd, så er det mykje grøn praksis i soknet. De har eit flott misjonsprosjekt i Liberia.

Kyrkjelyden har lenge ønska seg ei diakonistilling. Dette var eit tema allereie på sist visitas, i 2012. I år og det siste året har kyrkja sentralt fått og sett av friske midlar til stillingar som kommune, lokalsamfunn og kyrkja regionalt og sentralt kan samarbeida om å finansiera. I fjor var desse midla retta inn mot nye, lokale prosjekt for ungdom, eldre og nye i Norge. Følg med på kva moglegheiter som dukkar opp.

Gudstenesteliv

Me møtte eit engasjert og friskt nytt sokneråd og fellesråd. De har alt de treng for å føra viktige samtalar om livet i soknet framover. Akkurat nå høyrer eg at de vurderer korleis det er best å organisera gudstenestelivet. Heilt konkret handlar det om det finst

moglegheiter til å bruka misjonshuset litt oftare for å gje eit tilbod til barn og vaksne saman eller samtidig.

Dette synest eg er spennande tankar. Eg håpar de lukkast med å laga ein plan som skapar eit godt tilbod til både barn og vaksne. De lukkast best viss de både møter dette behovet, får til ei god fordeling mellom Bjerkreim, Ivesdal og misjonshuset og held fram med eit godt tilbod om dåp. Prøv dykk gjerne fram og hald kontakt med prost og biskop når vegen begynner å teikna seg opp.

Kultur

Tenk at det finst ein syngjande kommune, midt i hjarta av Rogaland, der barn kan gå i kor frå dei er små til dei blir vaksne, der klokkarar syng tostemt, ungane på skulen lærer salmar, kulturskulen løyser ut talenta hjå unge songarar, dansarar, skodespelarar, teknikarar og instrumentalistar, kommunestyret syng bordvers og kyrkjelyden samlar seg i song. Det er mykje flott å synga om her, i både himmelske og jordiske tonar. Det ligg både folkehelse, fellesskap og «forlystelse» i dette. Eg trur songen og musikken gjer livet betre, både i kyrkjelyden og bygda.

Det er også flott å sjå at prest og trusopplærar kan leika seg på ulikt vis. Det skal jo ikkje bare vera alvor i kyrkja, ho skal gje rom for dei vi er. I det heile synest eg måten denne kyrkjelyden framstår på skapar truverd. Gjennom både innsats, tenestevilje og truskap og gjer de kyrkja sin visjon om meir himmel på jorda meir verkeleg.

Kulturkvelden i Bjerkreimshallen torsdag kveld var full av liv, frå både erfarne og unge røyster. Slik skal det også vera i kyrkja og i gudstenesta. Her er det våre røyster som skal strekka seg mot Gud og kjenna at himmelen kjem nærare oss.

Til slutt

Det handlar jo til slutt om kjærleik. Kjærleiken kan visst gje rom for draumar, men den som betyr mest for oss er den som møter oss i eit godt blikk, eit lyttande øyra, ein hand som trer hjelpande til, nokon som brukar både arbeid og fritid til å gjera verda rundt seg litt betre. Kjærleiken møter oss i nokon som ser eldre som treng nokon rundt seg og let barn få veksa opp og oppdaga kor rik verda er. Den møter oss når me får sett ord på trua så ho kan gripast av alminnelege folk, når me blir prega av nåde og skapar eit lokalsamfunn og kyrkjelyd der det er godt å vera menneske.

Bjerkreim er heller ikkje himmel på jorda. Her finst det nok av utfordringar til å halda oss i arbeid så lenge me lever. På visitasen har eg likevel hatt mange møte med det gode, som djupast sett kjem frå Gud. Draumen min er at alle som lever i desse bygdene kan sjå spora av ein skapar som kvar morgon har ny velsigning til oss, ein frelsar som alltid ventar oss med nåde og ein Ande som gjev sin kraft og kjærleik så me kan bringa verda nærare Guds draumar.

Den innsatsen de gjer, alle de som tek ansvar, heime, på arbeid, i lag og foreningar, på bedehus og i kyrkja, er eit svar på dei gåvene Gud gjev oss i livet og i kvarandre. Det er ofte i det små det store viser seg.

Mi bøn er at neste gong det kjem ein biskop til Bjerkreim vil ho eller han også finna ei bygd det er godt å bu i, ein kyrkjelyd som er til for folket og ein himmel som famnar jorda, akkurat der me er.